

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 23.11.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Hans Stenby og Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Investeringsiltak for oppgradering av sentralblokka i Helse Bergen**

**ARKIVSAK:** 2015/1705  
**STYRESAK:** **122/15**

**STYREMØTE:** **10.12. 2015**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest godkjenner samla prosjekt knytt til oppgradering av sentralblokka i Helse Bergen med totalt kr 500 mill.
2. Styret i Helse Vest gir administrerende direktør fullmakt til å søkje Helse- og omsorgsdepartementet om lån på kr 350 mill.
3. Helse Bergen må styre og prioritere investeringane innafor det tilgjengelege finansielle grunnlaget, og dersom det ikkje blir gitt lån må det takast ei ny prioritering av rekkefølga på investeringsprosjekta

## Oppsummering

Helse Bergen har gjennom investeringsplanane klart å gjennomføre ein heil rekke prosjekt knytt til bygg, anlegg og utstyr både på kort og lang sikt. Gjennom desse prosjekta har ein og klart å møte pålegg og krav frå myndigheitene og lukka avvika fortløpande. Helse Bergen har likevel eit betydeleg vedlikehaldsetterslep og relativt akutte behov for å oppgradere infrastruktur innan elektro, VVS og heis/transport i dei kommande åra fram til 2020. I den samanheng er det behov for å gjere oppgraderingar i Sentralblokka m.a. knytt til poliklinikkane og traume- og intensivfunksjonen for betre pasientbehandling og pasienttryggleik.

Det er utarbeidd ein modifisert konseptrapport som også har vore gjenstand for ekstern kvalitetssikring. I den modifiserte konseptrapporten er det ikkje lagt inn alternative vurderingar då enkeltprosjekta kvar for seg ikkje er underlagt dei krava som ligg i Tidlegfaseveiledaren.

Den samla prosjektporteføljen knytt til renovering vil vere om lag kr 500 mill. Helse Bergen søker om å få lånefinansiering på kr 350 mill. til gjennomføring av prosjektet.

## Fakta

Helse- og omsorgsdepartementet har opna for lånefinansiering av vedlikehaldsprosjekt også. Det går m.a. fram av brev til Helse Sør-Aust kor det heiter:

«Departementets låneordning gjelder ikke bare nybyggsprosjekter. Departementet vurderer lånesøknad til byggeprosjekter med bakgrunn i fremlagt konseptrapport, inkl. ekstern kvalitetssikring. Dette gjelder om prosjektet er oppgradering eller vedlikehald av eksisterende bygningsmasse eller nybyggsprosjekter.»

Helse Bergen har på denne bakgrunn sett saman ei rekke mindre oppgraderings- og vedlikehaldsprosjekt i ein samla pakke kostnadsrekna til ca. 500 mill. kr. Alle prosjekta i porteføljen er knytt til Sentralblokka.

Det er utarbeidd ein modifisert konseptrapport. Denne har vore gjenstand for ekstern kvalitetssikring.

Styret i Helse Bergen behandla saka i møte 30. oktober 2015 og fatta følgjande vedtak:

Styret i Helse Bergen gjev administrerande direktør fullmakt til å søkja eit investeringslån på 350 mill. kr til oppgraderingar av Sentralblokka. Eigenandelen frå Helse Bergen vil vera 150 mill. kr.

Styret ber om at lånesøknaden vert fremja til Helse- og omsorgsdepartementet via Helse Vest RHF.

## Kommentarar

Helse Bergen har gjennom rullerande strategiplaner og arealplaner tatt høgde for at bygg, utstyr og anlegg er fornya, rehabilitert og oppgradert for å møte utfordringar og behov i spesialisthelsetenesta. Det er likevel eit betydeleg vedlikehaldsetterslep og relativt akutte behov for oppgradering av infrastruktur innan elektro, VVS og heis/transport i den kommande perioden fram til 2020.

Det har vore vurdert om det er mogeleg å utsette og forskyve dei større prosjekta knytt til Sentralblokka, men dette vil då hindre og forsinke ein nødvendig omstilling og effektivisering av verksemda. Dette gjeld mellom anna dreining mot dagbehandling/poliklinikk på den eine sida og ein meir samla traume/intensiv og brannskadebehandling på den andre sida.

Nytt medisinsk-teknisk utstyr og ny IKT teknologi krev og betydeleg infrastruktur investeringar for å kunne bidra til ein stabil og effektiv drift.

Dei elementa som vil inngå i oppgraderinga av sentralblokka er følgjande:

- Ambulansehall i 2019	kr 20 mill.
- Traume/brannskadeintensiv	kr 80 mill.
- Poliklinikk	kr 130 mill.
- Infrastruktur	kr 180 mill.
- Ombygging somatikk	kr 60 mill.
- MTU tilpassingar	kr 40 mill.
- PET-MR	<u>kr 25 mill.</u>
TOTALT	<u>kr 535 mill.</u>

Helse Bergen har fått utarbeida ein modifisert konseptrapport relatert til behovet for å oppgradere sentralblokka. Ein konseptrapport skal i utgangspunktet beskrive alternative løysingar. Den modifiserte konseptrapporten beskriv ein samanstilling av fleire små prosjekt som kvar for seg ikkje kvalifisere til eit fullt «konsept» ut i frå Tidligfaseveilederen.

I konseptrapporten er 0-alternativet å utsette prosjekta i Sentralblokka og andre prosjekt til føretaket har eigen finansiering. Alternativ 1 er å gjennomføre dei omtalte prosjekta i Sentralblokka med lånefinansiering. Det er ikkje utarbeidd fleire alternativ.

Konseptrapporten har gjennomgått ekstern kvalitetssikring. Denne foreslår nokon justeringar og suppleringar som at:

- dei økonomiske analysane som inngår i rapporten blir gjort i medhald av rettleiar for berekning av samla økonomisk konsekvens av investeringsprosjekt i helsebygg, og at det blir grunngeven korfor elementa frå den økonomiske analysen er utelatt.

- rentekostnaden blir lagt inn som ein finanskostnad, og planlagt effektivisering blir lagt inn som ein innsparing
- det blir utarbeid sensitivitetsanalyser og betraktningar rundt usikkerheita i estimata.
- null-alternativet blir presentert på same måte som alternativ 1.»

## Konklusjon

Sjølv om dette er mange enkeltprosjekt og saka er retta til Helse Vest som ein lånesøknad, er det riktig å sjå det som eit større byggeprosjekt og bør vurderast som det. Ei investering på kr 500 mill. vil kunne ha same konsekvens for føretaket enten det er eit einskild prosjekt eller fleire mindre prosjekt sett saman. Det ville også vore ønskjeleg at fleire reelle alternativ var utarbeidd. Det vil kunne gi større tryggleik for at det beste blir valt.

Helse Bergen vurderer at det vil vere uheldig å utsette oppgradering av sentralblokka. Oppgradering som føreslått vil legge til rette for auka pasientbehandling, betre kvalitet og betre drift gjennom meir funksjonelle areal og samling av funksjonar.

Føretaket har elles gjennom langtidsbudsjettet synleggjort det økonomiske grunnlaget for å gjennomføre investeringsplanane. Men det er naudsynt med lån frå staten for å ha eit tilstrekkeleg finansielt grunnlag til å gjennomføre prosjektet. Det er og bekrefta i kvalitetssikringsrapporten.

Administrerande direktør vil tilrå at dei aktuelle prosjekta for oppgradering av sentralblokka blir gjennomført med ei total investeringsramme på kr 500 mill. Det blir og anbefalt at Helse Vest søker Helse- og omsorgsdepartementet om lån på kr 350 mill. til gjennomføring av prosjektet. Dersom det ikkje blir gitt lån til prosjektet må Helse Bergen ta ein ny gjennomgang på rekkefølga av investeringsprosjekta.

Helse Bergen må også i det vidare arbeidet med prosjekta følgje opp aktuelle tilrådingar frå ekstern kvalitetssikrar. Ideelt sett bør det ligge føre fleire alternativ som er utgreidd til same nivå i store byggeprosjekt. Det er likevel forståing for at det ikkje blir gjort i oppfølging av dette prosjektet.

### Vedlegg:

1. Modifisert konseptrapport oppgradering sentralblokka
2. Kvalitetssikring av modifisert konseptrapport for oppgradering av sentralblokka